

Oppdragsgiver: **Magnar Askeland m.fl**

Oppdragsnr.: **5185059** Dokumentnr.: -

**Til:** Alver kommune  
**Fra:** Mona Hermansen, Norconsult AS  
**Dato** 2020-10-02

## ► TURPRODUKSJON, DETALJREGULERINGSPLAN TONESMARKA

### INNLEIING

I samband med detaljreguleringsplan for Tonesmarka har Alver kommune bedt om oversikt over turproduksjon frå reguleringsplanområdet. Dette notatet gir eit grovt anslag for dette.

Det er foreslått 28 bustadeieningar og eit forsamlingslokale i planområdet. Kommunen har peika på at ein, i reguleringsplansamheng, må ta høgde for at forsamlingslokalet kan bli solgt til ein ny aktør ved eit seinare høve. Berekninga tar utgangspunkt i den bruken som kan vere aktuell på litt lengre sikt for eigarane/ drivarane av forsamlingslokalet som eit maksimal scenario. Vi reknar det som sannsynleg at ein slik bruk og vil vere pårekneleg som eit maksimal scenario dersom det er ein annan regligiøs meinighet som tar over forsamlingslokalet. Dersom det er ein profesjonell aktør som driv utleige vil marknaden med all sannsyn vere mindre og dermed og turproduksjonen.

Forsamlingslokalet er planlagt med ein p-plass med 20 p-plassar til bruk i normalsituasjon. I tillegg er det planlagt ein p-plass med 60-plassar som vil bli brukt ved større arrangement, men som elles vil vere avstengd og i bruk som aktivitetsområde. Denne avstenginga av den store p-plassen vil kunne vidareførast til ein evt ny aktør gjennom reguleringsføresegnene.

### BEREKNING

#### Trafikkmengde bustad:

Det er planlagt 28 bustader innafor planområdet. Turproduksjonen vert ca 100 pr dag pga bustader ved bruk av faktor 3,5.

#### Normalsituasjon:

- Bustad : 100
- Forsamlingshus: 20 parkeringsplassar nyttast på kveldstid (resten er avstengt). Desse vert antatt nytta ca to gonger kvar kveld (2 ulike arrangement), dvs faktor på 4. Trafikktalet ca 80

Samla turproduksjon vert med dette om lag 180 pr dag i normalsituasjon

#### Ved større arrangement:

- Bustad: 100
- Forsamlingshus: 80 p-plassar: køyrer til og frå ein gong, dvs 160

- Det vert antatt at ved større arrangement vil det likevel vere arrangement om kvelden, jf ovanfor er trafikktalet då berekna til om lag 80

Samla turproduksjon vert med dette ca 340 på dagar med større arrangement

## Årsdøgntrafikk

Årsdøgntrafikk, forkorta ÅDT, er i prinsippet summen av talet på køyretøy som passerer eit punkt på ein vegstrekning (for begge retningar samanlagt) gjennom året, dividert på årets dagar, altså eit gjennomsnittstall for dagleg trafikkmengde.

Vi antar større arrangement kvar søndag (52 dagar). I tillegg antar vi større arrangement ein laurdag i månaden (12 gonger i året). Typiske arrangement kan då vere konfirmasjon, bryllup etc og det er då antatt at det ikkje vil vere rom for andre arrangment om kvelden i tillegg. Med dette som utgangspunkt kan vi berekne ein omtrentleg ÅDT:

- Forsamlingshus søndagar: 52 (dagar) \* 240 (større arrangement + kveld)= 12 480
- Forsamlingshus laurdagar: 12 (dagar) \* 160 (større arrangement, men ikkje kveld) + 40 (øvrigte laurdagar) \* 80 (normalsituasjon) = 5120
- Forsamlingshus kvardagar: 260 (antall dagar utan helg) \* 80 = 20800
- Bustader: 100 \* 365 (antall dagar) = 36500

Samla ÅDT: 74900/ 365 (antall dagar i året) = 205

### Antatt ÅDT vert med dette om lag 200

Det er runda ned då samla ÅDT er eit høgt anslag. Dette då det er lagt til grunn fullt belegg på parkeringsplassane kva gong det er større arrangement. Sannsynet er større for at det ved nokre arrangement vil vere fullt belegg og nokre ikkje.

## ANDRE MOMENT

Kommunen ynskjer å vite turproduksjonen både for å avklare belastninga på krysset Mjåtveitmarka X Fv 564 Rosslandsvegen og for å avklare belastninga på den kommunale vegen Mjåtveitmarka. Når det gjeld belastninga på krysset vil vi påpeike at trafikken til forsamlingslokalet i hovudsak vil skje på kveldstid samt på søndagar (og nokre laurdagar). Dette er tidspunkt utanom rush-tida. I rushtida er det berre bustadene i planområdet som vil vere med å auke belastningsgraden.

01	2020-10-02	Trafikkmengde Tonesmarka	MoHer	LiE	MoHer
Versjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.